



KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 9. februar 2016

Stad: Meland kommunehus – møterom 1

Kl.: 08.30 – 11.10

Tilstade: Kåre Skibenes (leiar), Lars Barstad (nestleiar), Aslaug Aalen, Anne Marie Skurtveit, Rikke Nordal, Tore Augen Hansen (vara for Morten Klemetsen) og Øyvind Bratshaug

Innkalla: Rådmann Ingvild Hjelmtveit og ordfører Øyvind Oddekalv

Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik og forvaltningsrevisor Randi Rykkje

Sekretær: Tonje Husum Aarland

Forfall: Morten Klemetsen (medlem)

01/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent. Innkalling og sakspapir vert sendt på e-post til faste og vara medlemmer, og dei som ønskjer å få dette i vanleg post gjer ei tilbakemelding til sekretariatet om dette.

02/16 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå 16.11.15 vart godkjent slik den ligg føre.

03/16 Skriv og meldingar

- a. Melding om fritak frå politiske verv, KS 105/2015
- b. Behandling av selskapskontroll MAKS AS i kommunestyret, KS 102/2015
- c. Engasjementbrev frå Nordhordland Revisjon IKS, 14.12.2015
- d. Orientering om Revisjonsbesøk på Meland Ungdomsskule
- e. Orientering om hendvending til kontrollutvalet
- f. Orientering om tilsyn frå Fylkesmannen 2016

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til vitande.

04/16 Orientering om rutinar for ventelisteordning innanfor pleie og omsorg

I rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet (Nr. 1-4/2015, datert 27.04.2015) står det om gjeldande rett:

«Kommunens overordnede ansvar for helse- og omsorgstjenester følger av helse- og omsorgstjenesteloven § 3-1 der det fremgår at personer som oppholder seg i

kommunen skal tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester. Bestemmelsen korresponderer med pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a som gir pasient og bruker rett til nødvendige helse- og omsorgstjenester fra kommunen de oppholder seg i.

Kravet til «nødvendige» helse- og omsorgstjenester må sees i sammenheng med kravet til forsvarlige tjenester, hvilket betyr at tjenesten må holde tilfredsstillende kvalitet, yte i tide og tilstrekkelig omfang, jf. loven § 4-1. Når det gjelder omfanget og nivået på tjenesten, må denne dimensjoneres ut fra en konkret vurdering av den hjelpeforetakende behov, og på den bakgrunn tilpasses et forsvarlig tjenestetilbud.»

Rådmann Ingvild Hjelmtveit orienterte om rutinane i Meland kommune for ventelisteordning innanfor pleie og omsorg. I Meland kommune er det fokus på helsetilstanden til den enkelte og det er dette som avgjør om ein får plass, og såleis vert det ikkje ført ventelister. Kontrollutvalet stilte spørsmål til rådmannen og fekk svar på desse.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

05/16 Orientering om medlemskap i Transparency International Norge

Om Transparency International Norge (TI-Norge) står det på deira heimeside (www.transparency.no) at dei er «en medlemsbasert forening, etablert i Norge i 1999. Foreningen er en selvstendig akkreditert avdeling av den verdensomspennende organisasjonen. TI-Norge har opparbeidet betydelig kompetanse i arbeidet mot korruption og for åpenhet og integritet i alle virksomheter, Transparency International driver koalisjonsbygging mot korruption, og har et nasjonalt og internasjonalt regelverk av eksperter innenfor ulike felt. TI-Norge er partipolitisk uavhengig. Sekretariatet har kontor i Oslo».

Rådmann Ingvild Hjelmtveit orienterte om Meland kommune sitt medlemskap. Meland kommune har vore medlem sidan 2014 og har fokus på å heve den etiske standarden i kommunen. Kommunen skal gjennomgå delegasjonsreglementet i løpet av 2016.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

06/16 Vurdering av oppdragsansvarleg revisors uavhengighet

Saksvedlegg: Brev frå revisjonen 14.12.2015

I følgje § 15 i forskrift om revisjon skal revisjonen kvart år legge fram ein eigenvurdering av uavhengighet til kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknad til revisors uavhengighet.

07/16 Plan for forvaltningsrevisjon

Saksvedlegg: Overordna analyse

I følgje kommuneloven §77 pkt. 4 skal det gjennomførast forvaltningsrevisjon. I forkrsrift om kontrollutval står det i §10 at kontrollutvalet skal utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon som kommunestyret vedtek. Kommunestyret kan gi fullmakt til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

Kontrollutvalet har fått tilsendt ein overordna analyse for kommunen, med forslag til aktuelle område for forvaltningsrevisjon. Ut i frå dagens ressurssituasjon, vert det antyda at kontrollutvalet kan prioritere 3-5 områder for forvaltningsrevisjon i kommunestyreperioden.

Frå den overordna analysen vart blant anna desse forslaga diskutert:

- Barnehagar – grunnlag for tilskotsbehov
- Barnevernstenesta i Meland kommune
- NAV – Ressursbruk
- Etikk – korleis arbeider kommunen med problemstillingar knytt til etikk og varsling i organisasjonen?
- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp?
- Investeringsprosjekt – organisering, ansvar, prosjektstyring

I tillegg til dei områda som var peika på i overordna analyse vart det i møte foreslått

- Helsetenesta for barn og ungdom og skulehelsetenesta

Kontrollutvalet vurderte dei ulike temaområda og gjorde ei heilskapleg prioritering.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet prioritærer følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Barnevernstenesta i Meland kommune
- Helsetenesta for barn og ungdom og skulehelsetenesta
- Etikk – korleis arbeider kommunen med problemstillingar knytt til etikk og varsling i organisasjonen?
- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp?

Kontrollutvalet ser det som naudsynt at ein kan foreta endringar i dei prioriterte prosjekta i planperioden og eventuelt komme inn med nye prosjekt dersom det er meir aktuelt. Dette vert gjort årleg gjennom ein ny vurdering av plan for forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsreivsjon i denne kommunestyreperioden:

- Barnevernstenesta i Meland kommune
- Helsetenesta for barn og ungdom og skulehelsetenesta
- Etikk – korleis arbeider kommunen med problemstillingar knytt til etikk og varsling i organisasjonen?
- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp?

Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjekt dersom det skulle vere meir aktuelt.

08/16 Kontrollutvalet – ansvar, oppgåver og organisering

Saksvedlegg: «Kontrollutvalet i Meland kommune – ansvar, oppgåver og organisering»

Kontrollutvalet diskuterte det framlagte utkastet om kontrollutvalet sitt ansvar, oppgåver og organisering.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek «Kontrollutvalet i Meland kommune – ansvar, oppgåver og organisering» slik den no ligg føre.

09/16 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval

Det vart diskutert korleis fordele denne gjennomgangen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.

Kontrollutvalet ønskjer å få desse tilsendt på e-post frå kommunen, og har fordelt gjennomgang av møtebøker mellom medlemmene:

UDU: Aslaug Aalen, Øyvind Bratshaug

ULK: Anne Marie Skurtveit, Rikke Nordal, Morten Klemmentsen

FM/KS: Lars Barstad, Kåre Skibenes

10/16 Eventuelt

a. Orientering frå ordførar

Denne saka vart tatt opp før sak 03/16 Skriv og meldingar.

Ordfører Øyvind Oddekalv orienterte kontrollutvalet om ansvar, oppgåver og forventingar til kontrollutvalet i kommunen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

b. Valbarheit til kontrollutvalet

Det vart stilt spørsmål omkring styreleiarar og andre i liknande verv til medlemmer i kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ønskjer å få ein gjennomgang på regelverket knytt til dette på neste møte i kontrollutvalet.

c. Innkalling og heimesider

Det vart diskutert innkallingane og korleis kontrollutvalet sine møter liggjer på heimesida.

Samrøystes vedtak:

Sekretariatet undersøkjer korleis forbetra dette.

Neste møte i kontrollutvalet vert 11. april 2016 kl. 08.30.

Frekhaug, 9. februar 2016


Kåre Skibenes
Kåre Skibenes /leiar


Tonje Husum Aarland
Tonje Husum Aarland /sekretær